

**Fra:** Tor Andreas Titlestad (Tor.Andreas.Titlestad@hfk.no)

**Sendt:** 16.01.2017 12:47:56

**Til:** Roy Sævik (roy.saevik@gmail.com)

**Kopi:** 'Eva Moberg'

**Emne:** Faktura og vidare framdrift på Reisemål i industriens vogge

**Vedlegg:** image001.png;579495.pdf;ShowDmbHandlingDocument.pdf

Hei

Eg viser til tilsendt faktura og samtalar om saka. Eg har no gått gjennom vedtak om kommunikasjon, og må diverse melde at vi ikkje kan utbetale 225.243 på det grunnlaget som ligg føre.

Grunnen er at midlane er bundne opp i vedtak gjort av Utval for kultur, idrett og regional utvikling som knyter bruk av midlane opp til sluttføring av prosjektet i ein fase to. Eg legg på nytt ved politisk sak og vedtak i utvalet 8.11.2016 slik at du kan sjå sjølv. Det er dessutan eit poeng at vi ikkje hadde hatt pengar, dersom ikkje saka hadde vore fremja og vedtatt.

Eg undrar meg litt over at denne situasjonen har oppstått. Det var du som tok initiativ til ein oppfølging av Reisemål i industriens vogge; i møte 22/9 2016 hadde vi møte om dette der du også presenterte kven du kunne tenkje deg som prosjektleiar for fase 2. Etter dette har eg halde deg fortløpende informert, på telefon og e-post etter som prosessen har skride fram. Eg har sendt deg saka og vedtak i ho. Heile tida har eg oppfatta det slik at vi var samde om retninga på framdrifta. At det skulle koste 225.000 å gje sluttrapportar til Riksantikvaren, kan eg ikkje hugse at du nokon gong har nemnd, før faktura vart sendt.

Det einaste vi no kan gjere, er å følgje opptrekte spor. Eg bed deg sende kreditnota på fakturert beløp. Deretter må anbodskonkurransen gå på lufta og Techyard må levere inn eit anbod som er godt nok til at de vinn konkurransen.

Venleg helsing

**Tor Titlestad**

Seniorrådgjevar

Kultur – og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: + 47 55 23 99 85 | Mob: +47 920 68 454

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) |